



SAMTALE MED SIGRID SZETU:

Du har laga serien K til Kabuso. Ein serie måleri der alle har like format. Korleis har seien vorte til?

Eg gir ikkje bileta mine titlar. Namnet K er for å identifisere desse måleria. K står for Kabuso, men er ikkje tittelen til verken bileta eller utstillinga. Eg arbeider reint abstrakt og legg difor ikkje føringar gjennom titlar.

Denne utstillinga har vorte til gjennom tre år, eller rettare sagt, gjennom tre vintrar. Eg målar i mørketida, mellom september og april.

Du jobbar og bur i fiskeveret Nyksund i Vesterålen. Kva er det med mørketida som gir deg konsentrasjon til å arbeide?

Mørketida er ei introvert tid. Ei personleg stille. Eg likar mørketida og ser fram til ho. Og så er lyset i mørketida heilt spesielt. Det er ikkje svart, slik mange trur. Mørkret består av djupe og tette fargar. Djup blå. Opake pastellfargar. Gjennom mørkret opplever du overgangen frå dag til natt. Trass i det konstante mørkret er det store svingingar i lyset, svingingar ein opplever gjennom farge.

Ved at eg har jobba gjennom tre mørketider mot denne utstillinga, har utstillingsprosessen tre ulike nullpunkt, eller byrjingar. Det er interessant å oppleve kva som skjer i dei ulike mørketidene. Sommaren med midnattsola blir pausar mellom dei intense arbeidsperiodane mine. Om sommaren blir du sett. Ein blir belyst døgnet gjennom, og det er ikkje nokon stad å gøyme seg bort.

Korleis veks seriane av maleri fram?

Eg arbeider med eit bilete om gongen, og brukar lang tid på det. Utan å kunne sette ord på korleis, så veit eg når det er ferdig. Når meir blir for mykje og mindre er for lite, da er måleriet ferdig. Måleriet seier sjølv ifrå. Da går eg over til den neste flata og startar på eit nytt. Element frå det førre biletet kan hengje att – kvart bilete er ein konsekvens av det førre, men dei står åleine, dei har ein styrke i seg sjølv og er ikkje avhengig av serien.

Kvadratet er viktig for meg. Formata til alle måleria er likesida kvadrat, det er utgangspunktet. I dette formatet jobbar eg med vekt og balanse. Det er eit sårbart format som har lett for å verta kjedeleg.

Fargen er påfallande i måleria dine. Den vibrerer og det er ingen tvil om at farge opptek deg. Eg opplever deg som ein kunstnar som forskar deg inn i farge som materie. Ein vert pirra som betraktar. Kor langt klarer du å trekkje ein farge? Kor mykje farge klarer du å få fram, og kva skjer med fargen når han treffer ein annan farge?

Ja, ein kan godt seie at eg forskar på farge. Eg elsker farge, og fargane i mørketida er så spektakulære. Når du lever i mørketida vert du ernært av farge. Måleria mine er farge. Så enkelt, og så komplekst.

Du er ein abstrakt målar, ikkje ein landskapsmålar. Men dine refleksjonar rundt lys og farge heng svært tett saman med landskapet.

Eg brukar mykje tid i landskap, og observerer landskap. På den måten er naturen essensiell for arbeidet mitt. Eg trur mange som ikkje bur i ein storby vert sterkt prega av det landskapet dei bur i. Lyset i Hardanger har ein heilt annan gjenklang enn lyset i Nyksund. Det er klart at dette påverkar mine fargerefleksjonar, men det er likevel farge, og ikkje landskap eller natur eg beskjeftigar meg med.

Måleri er eit medium som kunstnarar i generasjon etter generasjon stadig vender tilbake til, og jobbar vidare med. I 1913 ville Malevich fri kunsten sin frå røyndomen og danna *suprematismen*. Han utelukka naturen som inspirasjonskjelde. Malevich utvikla eit mangfald av ulike geometriske former som flaut på ein kvit bakgrunn. Fargane til dei geometriske formene fekk ein viktig posisjon i denne -ismen. Det er mange likskapar mellom suprematismen og arbeida dine; både i fråveret av natur og ting, og i fargen sin viktige posisjon.

Det er mykje dette kunsten min handlar om. Måleri har dei siste generasjonane fått ein litt ladd status. Eg opplever at det ikkje er plass til måleriet på same måte som før. Kva er spesielt for måleri i ulike epokar og tider? Kan ein om 50 år sjå at serien min K er laga mellom 2013 og 2016?

Gjennom livet har du budd i mange land og i ulike kulturar. Framleis pendlar du mellom eit lite fiskever der det bur 20 menneske og Bergen – medan du tidlegere har budd i London, Malaysia og elles reist mykje.

Eg føretrekk anten å vere midt i ein by, med alle dei impulsar og moglegheiter byen har – eller å vere heilt utanfor. For meg har Nyksund fleire likhetstrekk med New York enn med norske tettstader.

Det er to verdenar mellom namna mine, Sigrid Szetu, og dei ulike plassane eg lever på betyr mykje for meg.

Dei siste åra har du i tillegg arbeidd med tekstil. Korleis starta du med dette?

Mor mi var handarbeidslærer, med store kunnskapar om tekstil. Det har følgt meg. Eg interesserer meg for dei ulike produksjonsrekkjene og no ser eg korleis handverkstradisjonar er i ferd ved å forsvinne, både i Noreg og i verda elles.

Nord for Bangkok kom eg i kontakt med eit av dei fremste veveria i Thailand. Det var 25 år sidan dei sist hadde brukt handvevane sine, og vevane blei tatt ned frå loftet for mitt prosjekt. Eg finn fram til fargar og handfargar thaisilke i samarbeid med dei, og ei dame vever sjala. Alle sjala som vert vist er laga i same perioden som utstillinga i Kabuso.

Ser du på deg sjølv som kolorist?

Eg veit ikkje. Det er ein hårfin balanse før slike omgrep bikkar over til det banale. Denne grensa finn ein i mange omgrep som vert brukt om kunst. Ein artikkel eg stadig vender tilbake til, er skriven av den danske idehistorikaren Dorthe Jørgensen og tar for seg omgrepa venleik og estetikk. Estetisering har ikkje noko med venleik å gjere. Vi må få bort dei banale konnotasjonane, og slutte å vere redde for å snakke om det skjønne.